

## Mal for prosjektbeskrivelse – Nye innovasjonsprosjekt

Format:

- Prosjektbeskrivelsen skal være kortfatta.
- Sideantallsbegrensning: maks. 3 sider inkludert figurar/tabellar.
- Skrifttype: Tilsvarende Arial 11 pkt eller Times New Roman 12 pkt, enkel linjeavstand, min. 2 cm marger. For ev. figurtekst kan skriftstørrelse 9 nyttast.

**Alle punkt i prosjektskissa er obligatoriske.**

### 1. Prosjekttittel

Kortfatta, treffande og populærvitenskapleg med klar referanse til prosjektet sitt innhald.

### 2. Bakgrunn, hensikt og mål

- Skildre korleis innovasjonen kan bidra til å løyse ei utfordring eller møte eit behov som er kjent i verksemda.
- Gjer greie for kvifor dette er den beste måten å løyse utfordringa/behovet på. Gjer greie for eventuelle forstudiar/utprøvingar som underbygg idéen, og/eller eventuelle undersøkingar som stadfestar at det ikkje allereie eksisterer liknande løysingar.
- Skildre prosjektet sitt overordna mål og konkrete prosjektmål. Vis eventuelt til likande prosjekt og gjer greie for om dette prosjektet vil vidareutvikle løysinga.
- Spesifiser kva for tema av dei prioriterte områda i utlysinga søknaden i størst grad fell under.

### 3. Innovasjonsgrad

- Skilde grad av nyheit i prosjektet.
- Inkluderer prosjektet bruk av nye teknologiar/metodar/organisering eller er det en innovativ bruk av eksisterande teknologi/metodar/organisering på nye områder?

### 4. Nytteverdi

- Skildre kva fordeler den føreslåtte løysinga har samanlikna med etablert praksis og kva for nytte og gevinstar løysinga vil kunne gi brukarane, tenesta og eventuelt samfunnet.

### 5. Gjennomføring

- Gje ei skildring av tidsplanen og milepålar for gjennomføring av prosjektet.
- Skildre i korte trekk plan for å ta løysinga i bruk i helsetenesta og/eller kommersiell bruk. Er det eventuelle utfordringar knytt til å ta løysinga i bruk i tenesta (vis til samarbeid/kontakt med HV IKT dersom løysinga involverer integrering med eksisterande IKT-system).
- Vil det vere behov for ei eventuell anskaffing av løysinga (har dykk samarbeid med Sykehusinnkjøp HF?)

### 6. Organisering og samarbeid

- Gje ei oversikt over prosjektet si organisering og relevante samarbeidspartnarar og skildre deira rolle i prosjektet (til dømes innanfor helseføretaket/andre

helseføretak som arbeidar med liknande problemstillingar/kommunar/  
brukarar/universitet/næringsliv/ev. leverandørar og HV IKT AS)

- Ev. etablering av prosjektgruppe/styringsgruppe

Alle aktive samarbeidspartnere i prosjektet skal føres opp i søknadsskjemaet (eSøknad).

#### 7. Brukarmedverknad

- Gjer greie for dei relevante brukarane i prosjektet og korleis desse medverkar i planlegging, gjennomføring, formidling og/eller evaluering av prosjektet. Om det ikkje er brukarmedverknad i prosjektet skal det gjerast greie for kvifor dette er fråverande.

#### 8. Rettigheitar

- Er det etablert eit samarbeid/kontakt med ein TTO?
- Gjer kort greie for om det er spørsmål knytt til rettigheitar i innovasjonen som må avklarast.
- Er innovasjonen skapt av tilsette i helseføretaket? Er det tredjepartar, f.eks. tidlegare arbeidsgjevar/oppdragsgjevar eller andre eksterne, som har rettigheitar i innovasjonen?

## Vurderingskriteria

1. Relevans for satsingsområda (25 %)
  - tema
  - prioriterte pasientgrupper
  - potensiell regional nytte
  - samarbeid mellom fleire helseføretak
  
2. Prosjektet sin samla kvalitet (25 %)
  - I kva grad bygger prosjektet på relevant og oppdatert kunnskap, er det gjort ei kunnskapsoppsummering/utprøving i forkant av prosjektet?
  - I kva grad har prosjektet ein realistisk plan for gjennomføring? Er det tydeleg korleis budsjettet heng saman med dei ulike aktivitetane i prosjektet?
  - I kva grad samarbeider dei med relevante aktørar, til dømes HV IKT, kommunar, næringsliv, brukarorganisasjonar?
  - I kva grad er brukarane involvert i prosjektet
  
3. Innovasjonsområdet, originalitet og potensial (25 %)
  - I kva grad vil innovasjonen bidra til å løyse ei kjent utfordring og/eller møte eit kjent behov?
  - Er løysinga/prosjektet nytt lokalt, regionalt, nasjonalt eller internasjonalt?
  
4. Nytteverdi for pasientane og helsetenesta. (25 %)
  - potensial for overføring til andre helseføretak
  - er det fleire HF eller kommunar involvert i prosjektet?
  - regional nytte for spesialisthelsetenesta
  - høg eller låg grad av nytte for pasientane
  - planar om å søkje midlar frå Forskingsrådet eller Horisont Europa

Det vil bli nytta ein skala frå 1 – 5 for dei fire kriteria. Det blir satt ein samla karakter for søknaden. Søknadane må ha karakter 3.0 eller betre for å kvalifisere for tildeling.